

Referat styringsgruppemøte prosjekt «Mat og opplevingar i fjellet»

Dato: 26.08.2020

Tidspunkt: 13.00-14.30

Møtestad: Teams-møte

Deltakarar:

Olav Røssum, Fjellnettverket
Audun Mogn, Vestfold og Telemark fylkeskommune
Nina Glomsrud Saxrud, Fylkesmannen i Oslo og Viken
Anniken Fægri Damm-Larsen, Innovasjon Norge
Eirik Høyme Rogn, Mountains of Norway
Nina Mosseby, Landbruks- og matdepartementet
Kristine Bjørgum Forde, Setesdal Lefser og Brau
Maren Solvang Johansen, Sjøberg Gård
Kari Randen, Fjellnettverket
Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Referent:

Elin Halland Simensen

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT	2
SAK 1/20: INNKALLING OG SAKLISTE	2
<i>Vedtak sak 1/20:</i>	2
SAK 2/20: ORIENTERING OM PROSJEKTET	2
<i>Vedtak sak 2/20:</i>	2
B. VEDTAKSSAKAR	2
SAK 3/20:	2
<i>Vedtak sak 3/20:</i>	3
SAK 4/20 GODKJENNING AV PROSJEKTPLAN	3
<i>Vedtak sak 4/20:</i>	3
SAK 5 MØTEPLAN 1. PROSJEKTÅR	3
<i>Vedtak sak 5/20:</i>	3

A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 1/20: INNKALLING OG SAKLISTE

VEDTAK SAK 1/20:

Innkalling og sakliste godkjennast.

SAK 2/20: ORIENTERING OM PROSJEKTET

Orientering om prosjektet

VEDTAK SAK 2/20:

Styringsgruppa tar informasjonen om prosjektet til orientering.

B. VEDTAKSSAKAR

SAK 3/20:

Finansieringsprosessen og planlegginga av prosjektet har tatt lang tid. For å oppretthalde kontakt med deltakarane og utnytte effekten av deltakinga på Internationale Grüne Woche er det viktig at oppfylgingsarbeidet settast i gang.

Med finansiering frå tre fylkeskommunar er det mogeleg å komme i gang med arbeidet. Det vart foreslått for styringsgruppa at ein startar opp med ein prosjektleiar og tre av delprosjekta, delprosjekt 1 Fjellkunnskap, delprosjekt 2 Fjellmat og fjelltur og delprosjekt 4 Fjellheim.

Grunnen til at disse tre prosjekta er vald ut er:

Delprosjekt 1 Fjellkunnskap: Meir kunnskap om berekraft og produksjon av mat og opplevingar i fjellet. Fokuset på berekraftig produksjon er stort og vil bli endå større i framtida.

Delprosjekt 2 Fjellmat og Fjelltur: Det er viktig å oppretthalde kontakten og engasjere deltakarverksemdene.

Delprosjekt 4 Fjellheim: Dette er noko heilt nytt som ikkje finst i Noreg ennå og som vil lage myke oppmerksemd. Spannande satsing i den tida vi er i no, mange verksemdar har behov for å tenke annleis.

Styringsgruppa diskuterte saken grundig og det kom følgjande innspel:

- Det er bra at prosjektet har direkte link til IGW-prosjektet. Landbruks- og matdepartementet sitt ynskje er at IGW skal sjåast som eit utviklingsprosjekt som gir resultat i etterkant av deltakinga. Det vart kommentert at i forhold til delprosjekt 1 Fjellkraft og berekraft, er viktig å ta med det med det økonomiske og sosiale berekraftsperspektivet i tillegg til miljø og klimaperspektivet.
- Det kom innspel på at det er bra at ein gjennom prosjektet har som mål å løfte kvaliteten på maten uansett serveringsstad, styringsgruppa vart samtidig gjort oppmerksame på at

regjeringa har nedsett eit rådgjevande utval som skal identifisere tiltak for å auke rekrutteringa til mat- og måltidsbransjen. Arbeidet er leia av Ungt Entreprenørskap Norge ved dagleg leiar.

- Styringsgruppa vart gjort oppmerksame på at einskilde av fylkeskommunane har satt vilkår for tildelinga av midlar og at det må takast omsyn til dette i vedtaket om igangsetjing. Det vart òg reist spørsmål om det vil bli oppretta arbeidsgrupper for dei ulike delprosjekta.
- Vidare vart det kommentert at det er ei god løysing å starte opp med tre delprosjekt for å komme i gang med arbeidet, så lenge dette er i tråd med vilkår finansieringskjeldene har stilt.

VEDTAK SAK 3/20:

Styringsgruppa vedtek å setje i gang prosjektet “Mat og opplevingar i fjellet” under føresetnad av at fylkeskommunanes vilkår er oppfylte. Prosjektet startar opp 1. september med ein prosjektleiar som sett i gang tre delprosjekt; delprosjekt 1 Fjellkunnskap, delprosjekt 2 Fjellmat og Fjelltur og delprosjekt 4 Fjellheim.

SAK 4/20 GODKJENNING AV PROSJEKTPLAN

Forslag til prosjektplan og tidsplan vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 4/20:

Styringsgruppa godkjenner prosjektplanen.

SAK 5 MØTEPLAN 1. PROSJEKTÅR

Møtedatoar:

12.01.21, Teams-møte kl. 13.00 – 14.30

11.05.21, Teams-møte kl. 13.00 – 14.30

21.09.21, Teams-møte kl. 13.00 – 14.30

VEDTAK SAK 5/20:

Styringsgruppa godkjenner møteplanen.